

KYRKJEBLAD

B
PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGSA
P
NORGE / NORGE

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Vullum Design as
Pb. 122,6659 Rindal



Juni 2009

«Jesus svara: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» Joh 3,5

Nr. 3 - 69. årgang

Pinsevår

Våren kom tidleg i år. Det er ikkje vår lenger, det er sommar. Men likevel er det vår, fordi vi nettopp har hatt pinse, og det er våren i kyrkja. Det er livet som spring ut, Andens liv. Og kyrkja har igjen teke imot den store flokken av døypte ungdomar som har kome som konfirmantar til kyrkjas hus for å bli velsigna til eit liv i Gudsriket under Andens segl. Ein konfirmant sa det slik: «Før visste eg berre at eg var kristen. No veit eg kvifor.»

No skal dei gå ut i den grønne årstida i kyrkja, til vekst og modning, til eit kristent liv i teneste for Herren Jesus Kristus. Det er målet og håpet for kyrkjas konfirmantararbeid. Og ved sin Heilage Ande her Jesus lova å vera med dei alle dagar.

Han sa: «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk.»

Da kan vi syngja: «Når eg så skal ut i verda, aldri eg åleine er ...» Dåpen er Guds forsikring i verda om dette, og konfirmasjonen er kyrkjas stadfesting og velsigning.

Ei landsdekkande undersøking viser at dette er den viktigaste grunnen til at dei unge vil konfirmerast.



Foto: Ingunn Karijord

Bønn:

*Allmektige og Hellige Ånd,
Trøster, ren og sann,
opplys du meg, styr meg,
helliggjør meg,
hold mitt hjerte og sinn fast
i tro og sann trøst,
ta vare på meg, led meg,
så jeg kan bli værende
i Herrens hus alle mine levedager
og en gang få se
Herrens skjønnet
og prise ham i himmelens rike.*

Philip Melancton, 1497-1560

Salme:

*Velsignede morgen,
da Gudsrigets tunger
traf jorden som flammende stål!
Fra jorden mot borgen
nu arvingen sjunger
på Gudsrigets tungemål!*

*Henrik Ibsen
i «Peer Gynt» 1867*



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

Konfirmantane

Vi har avslutta eit konfirmantår og ser tilbake med mange gode minne. Her ser vi glimt frå nokre av gruppene som var i aktivitet i vår. Pizza- og bibelgruppa hadde samling på Flemsetra. Friluftsgruppa var på tur til Bjerkeset-setra, og bakegruppa møttest på Hoem og stod – som vi ser av bildet – for servering av bollar etter samtalegudstenesta i Øre kyrkje.

Petter Dahle



Foto Petter Dahle



Foto Petter Dahle

Osmarka kapell 100 år

Det er jubileumsår for Osmarka kapell i år. Helga 22.-23.august blir det jubileumsmarkering av dei 100 åra med arrangement laurdag og gudsteneste med kyrjekaffi på søndag. Svært mykje arbeid er lagt ned for å restaurere og tilbakeføre kapellet tilnærma til slik det opprinneleg var. Når jubileet blir feira med eit historieskrift og tilbakeblikk – med nytt piano og orgel på plass og med prost og biskop til stades, er det samtidig all grunn til å sjå framover med glede og forventning.

Petter Dahle



Foto Arthur Gagnat

Friluftsgudsteneste Barnekoret

I år legg vi også opp til gudstenester ute i det fri. Det blir først gudsteneste på Ikornneset søndag 7.juni. Dette er av dei nyare tradisjonane i bygdene, men ei samling som har vorte godt innarbeidd og med godt fram-møte. Ein parkerer ved meieriet på Høgset. Seinare på sommaren følgjer vi opp den gamle tradisjonen med gudsteneste på Svanavollen 2.august. Her ventar vi også mykje folk – uansett ver! For å komme til Svanavollen køyrer ein inn til Hoem og vidare bomveg til Kinna. Her er det nokre hundre meter å gå frå bilveg. Så legg vi også opp til gudsteneste i Batnfjorden i samarbeid med Dyrego-dagane. Denne gudstenesta blir søndag 6.september. Vel møtt til desse samlingane!

PD

Barnegospelkoret i Øre kyrkje har gledd oss med song og deltaking elles ved fleire gudstenester også siste året. Her ser vi eit glimt frå avslutninga deira no i vår. Dei kosa seg ved bordet og åt kaker, gele mm – reine gebursdagsfeiringa! Og når vi reknar etter, fyller dei faktisk 10 år til hausten! Kanskje det blir jubileum då?



Foto Gunnar Sødal

Høgtun-gudsteneste i Øre kyrkje

19.april i år deltok Høgtun folkehøgskole med ulike innslag under gudstenesta. Dei stilte med tekstlesarar og kor, likeeins med band og forsongargruppe som leia ein del av songane. Ein av elevane vart intervjuja som ein del av talen. Dessutan fekk vi frisk song av koret GYGS. Kyrkjelyden set pris på denne kontakten med Høgtun.

PD



Foto: Hallvard Hurlen 2007



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

En fantastisk dag!

11. mai er en fantastisk dag for Indre Nordmøre prosti fordi den dagen ble hele fire prester tilbudt stilling! Det er ikke mange ganger i prostiets historie så mange prester har blitt tilsatt samtidig, tror en lykkelig prost Gerd Anne Aarset. Bispedømmerrådet har tilbudt soknepreststillingen i Ålvundeid til Jan Fredrik Laskerud, i Rindal har Lene Gåsvatn fått stillingen og til Tingvoll kommer Cathrine Grutle som sokneprest. Det er også tilsatt prostiprest og jobben har gått til Leif Endre Grutle. Nå gjenstår det bare at søkerne aksepterer tilbudet om jobb, sier prosten, som ser fram til at alle stillingene i prostiet får fast bemanning.



Konfirmantsvar

Sina Kristin Edvardsson Moe har gledd seg til konfirmasjonen, sjølv om dei berre er tre konfirmantar i Todalen, og ho er åleine jente.

«Det er tradisjon å bli konfirmert, så det var ikkje noko val for meg,» seier Sina, «og det er kosleg med kristen konfirmasjon. Da er heile familien samla, og det er fint å møta dei.»

Og Sina har stor familie, også slekt i Sverige der mor er ifrå.

Ho tykkjer konfirmanttida var fin, spesielt å vera på leir på Philipshaugen «va kjøle artekt».

«Det var også fint å læra meir om kristendomen enn det vi får læra på skulen,» tilføyer Sina, som seier ho ikkje har nokon framtidsdraumar, men tenkjer berre fram til neste veke. Så ho er ein ungdom som lever i notida.



Hans Olav Settem var konfirmant i Øye kyrkje. Han er godt kjent frå musikkgruppa «The Battery» og har elles vore ein aktiv songar på møter og tilstelningar frå han var liten.

På spørsmål om kvifor han ville bli konfirmert og kva konfirmasjonen betyr for han, svarar Hans Olav: «Først og fremst var det for å stadfesta dåpen, og for å ha ein fin dag med slekt og vener, og å få vera midtpunkt. Det fekk eg oppfylt over all forventning.»

Han seier at dåpen betyr svært mykje for han, det er viktig og godt å vera døpt.

Konfirmasjonstida opplevde han som godt fellesskap med trivelege prestar. «Vi var på leir og det var gøytt, og vi lærte mykje,» seier Hans Olav, som er svært glad i song og musikk og har som framtidsdraum å leva av musikken og å stifte familie. *ERE*

«Vi ønsker å lage gudstjenester som er så gode at folk føler de har gått glipp av noe hvis de ikke har vært til stede!»

Ingeborg Nordlund,
 kirkeverge i Surnadal og Rindal

Sommerkonserter 2009 Tingvoll kirke kl.17:00

13. juni

Chorus dir. Randi Lundemo
 akk. Tor Strand

20. juni

Eirik Sletteberg, obo
 Kjersti Haavet Bjørnson, fløyte
 Jøran Hatten, klarinett
 Asgeir Søfteland, horn
 Jon Backer Johnsen, fagott
 Chris Clifton, klaver

27. juni

Lone Eines, sopran
 Tor Strand, orgel og piano

4. juli

Hildegunn Sagli Gudim, fløyte
 Tor Strand orgel og piano

11. juli

Ola Bræin, munnspill
 Tor Strand, orgel og piano

18. juli

Siri Waagen Evensen, sang
 Johannes Wik, harpe
 Wenche Waagen, klaver

25. juli

Colin Andrews, orgel

1. august

Gro Kjelleberg Solli, sang
 Øystein Sandbukt, gitar
 Tor Strand, orgel

8. august

John Pål Inderberg, saxofon
 Henning Sommerro, orgel og trekkspill

15. august

Åsskard kyrkjekor, dir. Bernt Bøe





SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11
Telefaks 71 69 25 44
E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

Nytt familiearbeid

I vinter og vår har det ved eit par høve vore annonsert for familiemøte utan at det har stått noko om kven som er arrangør. Møta har kome i stand på privat initiativ, og det første møtet var på Grøa bedehus og det andre møtet på soknelydhuset på Sunndals-øra. Møta har hatt ulik karakter. På det første møtet vart det snekra fuglekasse, medan det var grilling på det andre møtet. Dette var veldig populært i godveret, og mange var interesserte i at det skal gjentakast.

Det er ektepara Hilde og Roger Hamstad og Rita og Knut Flatvad som har fått i gang dette positive arbeidet i Sunndal. Det er inga aldersgrense korkje nedover eller oppover, og dermed vonar dei å kunne famne ei stor gruppe av familiar. Slik det ser ut no, kjem møta til å gå vidare i regi av Normisjon, men det kjem truleg ikkje til å vere noko

fast intervall på dei. Det vil seie at ein må sjå etter plakatar rundt om i Sunndal, og også vone på at nokon inviterer ein med. Det er i allfall heilt sikkert at desse møta vidare kjem til å ha stor takhøgde, og alle er velkomne!

Ingunn Karijord



Siste områdestemme med Karen Flatø

Det Norske Misjonsselskap region Møre avheld kvart år områdestemme for indre Nordmøre på Phillipshaugen i Øksendal første søndag etter påske. Indre Nordmøre område består av Surnadal, Gjemnes, Sunndal, Tingvoll og Nesset.

På desse stemna som blir avhaldne i kvart område, går ein gjennom årsrapporten til region Møre, og det blir og gjennomført val til styret. Dei siste to åra har det vore vanskeleg å ha eit styre med medlemmar frå alle kommunane i området, men Ingunn Thorland frå Sunndal har virka som leiar. For områdesekretær Karen Flatø vart det eit spesielt stemne: 1.mars neste år blir ho pensjonist, og dermed var dette hennar siste stemne som områdesekretær. For godt samarbeid takka Ingunn Thorland ho frå styret med eit frukttre - slik at ho kan få sjå fruktene ho har sådd.



Leiar i områdestyret for Indre Nordmøre, Ingunn Thorland, takkar områdesekretær Karen Flatø for godt samarbeid.

NMS sitt områdestyre for Indre Nordmøre ser slik ut:

- Nesset: Bjørn Hovde som representant, Torbjørg Karijord som vara
Sunndal: Ingunn Karijord som representant, Ingunn Thorland som vara
Surnadal: Nils Magnar Torvik som representant, Ragnhild Mikkelsen som vara
Tingvoll: Anders Røttingsnes som representant
Øre: Gunn Berit Torvik som representant, Marie Ottelei Hoem som vara

Ingunn Karijord

Stemningsfull overhøring

To overhøringsgudstenester vart det gjennomført for dei mesta 50 konfirmantane i Hov kyrkje i slutten av april. Benkeradane var fylte opp av foreldre, søsken og beste-foreldre, og konfirmantane hadde i stor grad lagt sitt preg på gudstenesta. Dei faste ledda som er i ei gudsteneste var der, men med konfirmantane si personlege tolking av dette, vart det ei flott gudsteneste. Her fekk vi høyre om korleis dei synes det har vore å "gå for presten", og det flotte var at alle deltok.

Påska i Hov

Påskedagene i Hov ble kontrastenes tid. Skjærtorsdags kveld var det konsert med Festivalkvartetten fra Kristiansund som fremførte "Jesu syv ord på korset" av Haydn, i ord og toner. Det ble en fin konsert med godt framsmøte. Etter pasjonsgudstjenesten langfredag, var det den store oppstandelsesmorgenen på påskedag med ekstra pyntet kirke og en festgudstjeneste som mange ble spesielt berørt av.



Feriedagar på Phillipshaugen

Misjonssenter, Øksendal
13.- 16.august 2009
med Japanmisjonær Bjørg Sand.
Opplysninger: Hedvig Sørvik
tlf. 71 25 25 46 / 951 04 282

Kvinneweekend på Phillipshaugen

misjonssenter i Øksendalen
fr. 11. - sø.13. september

Tema: "I stillhet og tillit skal din styrke være"

Talere: Mali misjonær og bønne-konsulent i NMS Møre, Janne Bjune og Kommunikasjonsrådgiver Oddbjørg Aasen Bjørdal

Ta kontakt med områdeleder i NMS Møre Sigrid Sundsbø for mer info og program på mob. 404 06 063 eller e-post sigsunds@online.no

Då gudstenesta gjekk mot slutten, ville presten sjølv, Jan-Fredrik Laskerud, gje si personlege helsing til konfirmantane. Kun med salmeboka i handa, framførte han "Jeg er i Herrens hender", noko som vel røypte ved alle i kyrkja.

Ingunn Karijord



Kommentaren

KONTAKT

Jeg har slått opp ordet *kontakt* i ordboka. Der sto det at det kommer fra det latinske ordet *contingere*, å røre ved. Jeg blei sittende å fundere over det. Hvordan står det til med kontakta mellom oss? Er vi i kontakt med hverandre? Er vi i kontakt med oss sjøl? Og hvordan er det med kontakta mellom Gud og oss?

Det er vesentlig å ha kontakt med seg sjøl. Men det er ikke alltid like lett. Hverdagen krever sitt. Og gamle vaner sløver oss og holder oss i samme spor. Når tok du deg egentlig sist tid til å tenke over hvem du er? "Hvordan har du det?", spør folk. Og vi svarer: "Jo, takk. Bare bra." Kjente vi egentlig etter?

Har vi det bra, så er det jo flott. Da har vi virkelig både noe å takke for og noe å ta vare på. Har vi det ikke bra, så får vi heller prøve å se om det er noe som kan gjøres med det. Kanskje kan vi ordne opp sjøl. Kanskje trenger vi hjelp fra noen.

Ta deg litt tid til å komme i kontakt med deg sjøl. Hva er de sterke sidene dine? Hvor kan du virkelig utfolde deg og gjøre en innsats. Bruker du evnene og mulighetene dine? Vi er ikke skapt ved hjelp av kopi-maskin. Til sammen har Gud gitt oss et rikt

mangfold av anlegg og egenskaper. Det skal vi ta vare på og bruke.

Hva med de svake sidene? Vi har noen av dem, alle sammen. Det er nyttig å vite om dem. Det kan være at vi har sider som vi må holde i sjakk. Det kan være at vi har sider som vi må jobbe med og prøve å rette opp. Og det kan og være at vi har sider som vi må lære oss å leve med.

Har vi kontakt med hverandre? Eller sitter vi fullisolert bak egne vegger? Noen ville gjerne ha kontakt, men er hindra av dårlig helse. Noen sitter i ulike gjøremål til oppover øra og har ikke tid. Noen har for såvidt både tid og helse, men har kommet så ut av vanen at det er blitt lettere å sitte aleine hjemme hos seg sjøl.

Noen trives rett og slett best i eget selskap. For dem blir det heller et problem hvis det blir for mye kontakt med andre. Men mange, mange kan med fordel sette seg ned og tenke igjennom om vi har det slik vi egentlig vil ha det. Hvis svaret blir nei, bør vi nok spandere litt mer tid på å tenke etter hva vi kan gjøre for å rette på det. Alle monner drar.

Hva med Gud? Går det an å ha kontakt med Gud? Visst gjør det det! Men jeg tror

mange har glemt det. Gud vil ha kontakt med oss. Det er derfor Den Hellige Ånd ble sendt til oss på pinsedagen. Den Hellige Ånd hjelper oss med trua og forklarer Gudsordet for oss. den trøster og rettleder og gir nytt mot. Det er ikke for ingenting den kalles for hjelperen.

Synes du det er vrient å forstå det med Den Hellige Ånd? Da kan jeg trøste deg med at du trenger ikke forstå. Trua handler først og fremst om å ta Gud på ordet. Da får det våge seg om det er ting vi ikke skjønner.

"Ja, men jeg har prøvd. Jeg har bedt masse, men jeg fikk ikke svar!" Med tida har jeg hørt det ganske mange ganger. Til tider har jeg kjent på det sjøl og. Det er ikke alltid vi opplever kontakten med Gud på samme måten. Det kan være flere grunner til det. Én grunn er at enetale ikke er noen god kontaktform i lengden. Vi må ta oss tid til å lytte når Gud svarer. Det kan være i bønnestillhet. Men det er enda oftere i Guds eget ord, enten ved at vi leser det eller ved at vi hører at det blir forkynt. Det kommer ikke så mange svar ut av en gjenlukket bibel. Men åpne opp både boka og sinnet ditt og gi Den Hellige Ånd mulighet til å la Gud komme i kontakt med deg, til å røre ved deg.

Erik Blomstrøm

DEN STORE VALDAGEN

I år er det kyrkjeval samtidig med stortingsvalet 14. september (nokre stader også 13. september). Du kan røyste ved soknerådval og bispedømerådval. Medlemmer frå 15 år har røysterett.

Valkort

Omlag 3,1 millionar nordmenn vil ha rett til å røyste 13.-14. september. Alle som er medlemmer i Den norske kyrkja vil få valkort i posten i august. Valkortet gjev deg lokal informasjon om kvar du kan røyste og kven du kan røyste på. Dersom du mottek dette valkortet og ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan du returnere valkortet og be om at denne feilen i kyrkja sitt medlemsregister vert retta. Om du meiner du er medlem og ikkje får valkort, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Førehandsrøysting

Frå 10. august kan du førehandsrøyste ved dei fleste kyrkjekontor. Tid og stad vert kunngjort. Du kan førehandsrøyste i eit anna sokn enn der du står i manntalet. Kandidat-lister kan du skrive ut frå heimesida www.kyrkjevalet.no.

Valmåde

Oppteljing ved soknerådval og bispedømerådval er annleis enn ved kommuneval og stortingsval.

På soknerådlista står kandidatane i prioritert rekkefølge. Ein kan kumulere, tilføye eller stryke namn og endre rekkjefølgja på namn. Skal det t.d. veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer, er det dei 11 som står øvst på lista som får ein stemme. Dersom du ønskjer å kumulere ein kandidat som står langt nede på lista, må namnet flyttast opp "på sikker plass" for å få gyldig røyst.

I Møre skal 3 av 7 leke representantar i bispedømerådet veljast ved direkte val. Ordninga som blir bruka er preferanseval. Lista er satt opp alfabetisk og ein kan krysse av for inntil 5 preferansar (den du føretrekker). Ein må sette minst eit kryss på lista, elles vert stemmesetelen forkasta.

Fleire opplysningar om kyrkjevalet finn du på www.kyrkjevalet.no.

Synnøve Bjørndal

KYRKJEVALET 2009

er eit godt høve til å la stemma di bli høyrte. Di meining er viktig.

DU BESTEMMER!



Neste nummer kjem veke 39. Frist for innsending av stoff er 20. august.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

14. juni 2. søndag etter pinse

Preiketektst: Luk. 16,19-31

- Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Voksne for barn. Boye.
- Hov kirke. kl. 11:00 Storset. Takkoffer. 50-års-konfirmantane. Kyrkjekaffe.
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Kyrkjebladet.
- Mo kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Hvam. Takkoffer til kyrkjemusikkarbeidet.
- Kallastua kl. 18:00 Ord og tonar.
- Bergsøy kl.11:00 Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Bergsøy bedehus.
- Øre kyrkje kl. 16:00 Familiegudstjeneste. Dahle. 6- og 7-åringane spesielt invitert. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

21. juni 3. søndag etter pinse

Preiketektst: Luk 14,16-24

- Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Rindal eldresenter kl. 11:00 Gudstjeneste ved Nils Joralf Stavne. Nattverd.
- Hov kirke. kl. 11:00 Storset. Nattverd
- Øye kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Hvam. Takkoffer til Redd Barna.
- Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00 Laskerud.
- Osmarka kapell kl. 11:00 Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Osmarka kapell.

Tirsdag 23. juni

- Åsskard kyrkje kl. 21:00 Jonsvake. Kultursamver, kaffe og midnattskonsert.

Fredag 26.juni

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

28. juni 4. søndag etter pinse

Preiketektst: Luk 15,1-10

- Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.
- Gjøra kapell. kl. 11:00 Boye.
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Hvam.
- Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Maria Vassli Gjære. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Fredag 3.juli

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

5. juli 5. søndag etter pinse

Preiketektst: Jak 4,11-12

- Valsøyfjord kirke kl. 16:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Familievern.
- Rindal bygdemuseum kl. 11:00 Friluftsgudstjeneste. Blomstrøm. Takkoffer til Rindal bygdemuseum.
- Hov kirke. kl. 11:00 Laskerud.
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Venås. Takkoffer.
- Gjemnes kirke kl.11:00. Høymesse. Nattverd. Rune Bjørkavåg. Takkoffer til Kyrkjebladet. Kirkekaffi.

Fredag 10.juli

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

12. juli 6. søndag etter pinse

Preiketektst: Luk 5,1-11

- Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet
- Øvre Rindal kapell kl. 19:30 Kveldsmesse. Nattverd. Blomstrøm. Takkoffer.

- Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00 Laskerud.
- Øye kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Kristin Strand. Takkoffer.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Venås. Takkoffer.
- Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høgmesse Rune Bjørkavåg
- Øre kyrkje kl.11:00 Gudstjeneste. Maria Vassli Gjære. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

Fredag 17.juli

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

19. juli 7. søndag etter pinse

Preiketektst: Matt 5,20-24[25-26]

- Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.
- Hov kirke. kl. 11:00 Laskerud. Takkoffer.
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Venås. Takkoffer.
- Ranes kyrkje kl. 19:30 Kveldsgudstjeneste. Venås. Takkoffer.
- Straumsnes kyrkje. kl. 11:00 Høgmesse Rune Bjørkavåg

Fredag 24.juli

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

26. juli 8. søndag etter pinse

Preiketektst: Mark 8,1-9

- Valsøyfjord kirke kl. 16:00 Gudstjeneste med nattverd ved prestevikar Kristin Strand. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Kristin Strand. Takkoffer.
- Innerdalen kl 12:00 Storset.
- Romfo kyrkje. kl. 20:00 Storset. Nattverd.
- Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høgmesse
- Øre kyrkje kl. 11:00. Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Blå Kors. Kyrkjekaffi.

Fredag 31.juli

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

2. august 9. søndag etter pinse

Preiketektst: Matt 7,15-20

- Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved prestevikar Kristin Strand. Takkoffer til Ung kirkesang
- Øvre Rindal kapell kl. 19:30 Kveldsgudstjeneste. Kristin Strand. Takkoffer.
- Hov kirke. kl. 19:00 Storset Nattverd
- Jønstad kl. 12:00 Storset
- Åsskard kyrkje kl. 19:30 Kveldsgudstjeneste. Hvam. Takkoffer.
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Hvam. Takkoffer.
- Straumsnes kyrkje. kl.11:00 Høgmesse. Rune Bjørkavåg
- Svanavollen kl. 12:00. Setergudstjeneste. Dahle. Salg av rømmegrout m.m.

Fredag 7.august

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

9. august 10. søndag etter pinse

Preiketektst: Sal 8,4-10

- Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.
- Gjøra kapell. kl. 11:00 Boye.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Kristin Strand. Takkoffer.
- Røstasetra kl. 12:00 Friluftsgudstjeneste. Hvam. Takkoffer.
- Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høgmesse. Rune Bjørkavåg
- Gjemnes kirke kl. 11:00. Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kirkekaffi.

Fredag 14.august

- Leikvin kl 20:00 Aftensang

16. august 11. søndag etter pinse

Preiketektst: Luk 19,41-48

- Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep
- Skarheim kl. 12:00 Familiesamling. Takkoffer til Skarheim.
- Hov kirke. kl. 11:00 Boye
- Ålvundeid kyrkje. kl. 20:00 Boye
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. Kristin Strand. Takkoffer.
- Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høgmesse
- Straumsnes kyrkje. kl. 16.00 Høgmesse
- Øre kyrkje kl. 11:00. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Gå ut-senteret.

23. august 12. søndag etter pinse*Preiketekst: Luk 18,9-14*

Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Presentasjon av høstens konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Kristin Strand. Takkoffer.

Sunnal: Sjø avisene.

Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer.

Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høymesse

Osmarka kl.11:00. Jubileumsgudsteneste. Biskop Ingeborg Midttømme, prost Gerd Anne Aarset, spr. Dahle. Takkoffer til kapellet. Kirkekaffi.

30. august 13. søndag etter pinse*Preiketekst: Mark 7,31-37*

Megardssetra kl. 12:00 Friluftsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Voksne for barn.

Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Takkoffer.

Sunnal: Sjø avisene.

Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Presentasjon av konfirmanter. Takkoffer.

Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høymesse

Øre kyrkje kl.11:00 Konfirmantpresentasjon og 50-års konfirmant-jubileum. Dahle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

Gjemnes kyrkje kl. 19:00. Kveldsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Amatheia.

6. september 14. søndag etter pinse*Preiketekst: Luk 10,25-37*

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Presentasjon av høstens konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Utdeling av bibler. Takkoffer.

Sunnal: Sjø avisene.

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer.

Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Presentasjon av konfirmanter. Takkoffer.

Straumsnes kyrkje. kl. 11:00 Høymesse

Tingvoll kyrkje. kl. 16:00 Høymesse

Batnfjorden. Gudsteneste i samband med Dyrego-dagane. Sjø nærare kunnngjerigar

13. september 15. søndag etter pinse*Preiketekst: Sal 116,12-16*

Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.

Rindal kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Utdeling av bibler. Takkoffer. Kirkevalg. Områdestevne for NMS Trollheimen område.

Sunnal: Sjø avisene.

Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer.

Tingvoll kyrkje. kl. 11:00 Høymesse

Gjemnes kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Dahle. 50 og 60års-konfirmant-jubileum. Takkoffer til menighetsarbeidet.

20. september 16. søndag etter pinse*Preiketekst: Matt 6,24-34*

Halsa kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Høsttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Rindal/Surnadal Ingen gudstjenester

Sunnal: Sjø avisene.

Øre kyrkje kl. 11:00 Hausttakkefest. 4-åringane får kyrkjebok. Dahle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi/smak av markens grøde.

DØYPTE — VIGDE — DØDE**Døypete**

HALSA
31.05 Lone Solvær Vaagland

VALSØYFJORD
08.03 Solveig Hendsset Larsen
08.03 Simon Botten Stokke
16.11 Ida Marie Eggen Sæther

RINDAL
15.03 Elmira Landsem-Røen
29.03 Ola Stokke

ROMFO
01.03 Erik Sneva
09.04 Magnus Andre Warde

HOV
01.03 Marion Bjerkseter Larsen
08.03 Markus Elvseth Thorbjørnsen
14.03 Troy Alick Mugisha-nojwimana
04.04 Kristian Owen Andersen
05.04 Angell Andreas Sæter Ødegaard
19.04 Erik Asbakk
19.04 Julie Gravem Walseth
19.04 Tore Hoås Bredesen
01.05 Helene Furu

ÅLVUNDEID
26.04.2009 Kamilla Warmøy

STANGVIK
12.04 Marte Kvande
12.04 Lucas Eide Svinsås

TODALEN
Haugligardane:
13.04 Markus Bolme
13.04 Hennie White

ØYE
22.03 Even Alexander Utvik-Strand

RANES
19.04 Mathea Gravvold Raness
19.04 Maren Honnstad
19.04 Karina Henriksen Tafjord

TINGVOLL
01.03 Anniken Larsen Røskar
08.03 Daniel Holmeide
29.03 Andrine Kleven Holmeide
05.04 Gunnar Eikrem Jensen
12.04 Iver Gjørsvik
03.05 Emma Eilin Ulset

ØRE
08.03 Kristoffer Småge Midtbø
08.03 Kristoffer Lange
08.03 Madeleine Isabel Gravem Thorsen
22.03 Oskar Astad Sygna
22.03 Oddmund Meisingset
05.04 Alvi Grundetjern Grøgaard, døypt i Osmarka kapell
05.04 Mats Andre Lilleeidet Sannes, døypt i Osmarka kapell
12.04 Irja Ingebrigtsen Wold
12.04 Edvard Penhupifo Haugnes
12.04 Lotte Klungnes Hallberg
10.05 Kari Tjelle-Søvik, døypt i Osmarka kapell

Vigde

HOV
24.04 Veronica Bjerkseter og Svein Oscar Larsen
25.04 Ane Marte Bræin og Asbjørn Høyem Amundsen

ØYE
29.04 Sigrì Livik og Klaus Trygve Andreassen

01.05 Elisabeth Stomsvik og Lars Inge Haugen

TINGVOLL
28.02 Kine Marita Soligard og Egil Betten

Døde

HALSA
13.03 Alf Mauritz Haugnes f. 1927
24.03 Harald Arnfinn Helle f. 1919
02.04 Borgny Eline Bakkellund Nybrott f. 1937
13.05 Sigrid Mathilde Oterholm f. 1915

VALSØYFJORD
12.03 Einar Magnus Walsø f. 1914
17.03 Ruth Rambø f. 1926
07.04 Annbjørg Hoås f. 1928
16.04 Paul Bjerknes f. 1929

Stor oppslutnad om Klimaaksjonen SOS frå sør i Surnadal og Rindal

Resultatet for Kirkens Nødhjelp sin bøsseaksjon i Surnadal enda på 74 768 kroner og i Rindal på 25 892 kroner. Dette er godt nytt for dei fattige som er ramma av klimaendringane, sjølv om resultatet ikkje er like så godt som i fjor. Når vi tek med offer på fleire gudstenester og billettsal frå konserten kjem vi opp i 85 653 totalt for Surnadal kommune; eit flott resultat!

– Givargleda og engasjementet i distriktet har vore flott i år. Eg er både stolt og rørt, og imponert over initiativrike sambygdingar. Tusen takk til konfirmantane og alle som har vore med å bidra, enten det er i form av bøssebering, baking, bidrag på konserten, pengar eller anna!

I fastetida har det vore ei rekke aktivitetar her i distriktet. Mellom anna kan nemnast fotoutstilling på kulturhuset på Skei og konsert i Øye kyrkje med Jubilate og elevar ved kulturskulen, samt ei ungdomsgudsteneste i Raness kyrkje med fokus på tema for fasteaksjonen. Elles har det vore jamn informasjon under ulike gudstenester heile fastetida og Driva har skrive om fleire av dei ulike arrangementa. Surnadal bakeri gav bollar til bøsseberarane i Øye/Ranes. Takk til dykk!

Pengane som vart samla inn går til dei som er hardest ramma av menneskeskapte klimaendringar i Bangladesh, Brasil og Kenya.

GNE



Representantar frå Changemaker, Kirkens Nødhjelps ungdomsorganisasjon saman med Gry Netland-Ebbesen.

Foto: ERE

Frivillig kontingent

Som ny styreleder for kyrkjebladet vil jeg benytte anledningen å takke alle dere som benytter giroene som ligger i bladet. Dette er helt frivillig, men også helt nødvendig dersom vi skal nå ut med en del informasjon fra alle sokna. Vi vet mange setter stor pris på bladet. Redaksjonen ønsker både tilbakemeldinger og idéer for å lage et godt blad.

Elsa Jensvold

Takk for meg!

Etter nesten 12 år i Rindal flytter vi til Austrheim i Nordhordland.

På styremøtet i april ble Elsa Jensvold, Rindal, valgt til ny leder for styret i Kyrkjebladet. Ole Trygve Foseide, Rindal, tar over mine oppgaver som redaksjonssekretær og vil i samarbeid med Einy sørge for at det kommer nye nummer av Kyrkjebladet i postkassene.

Det har vært trivelig å lage Kyrkjeblad og jeg har satt stor pris på det gode samarbeidet med Einy. Jeg vil ønske redaksjonen lykke til med videre arbeid!

Synnøve Bjørndal

Sekretærskifte

Etter som Synnøve Bjørndal reiser frå Rindal, har Kyrkjebladet fått ny redaksjonssekretær, Ole Trygve Foseide, Rindal.

Synnøve har også vore formann for styret i Kyrkjebladet. Dette vervet er no overtatt av Elsa Jensvold, Rindal. Nye styremedlemar blir valde i samband med val av nye sokneråd.

Kyrkjebladet takkar Synnøve for det store arbeidet ho har lagt ned for bladet, og ynskjer henne lukke til vidare i ny teneste!

Einy Rendal Elgsæther

Døde forts. fra s. 7

RINDAL

21.03 Magne Romundstad f. 1930
27.03 Ragna Bolme f. 1918
08.04 Guttorm Løset f. 1923
14.04 Marie Løfall f. 1921
ROMFO
01.02 Eilif Hallan f. 1955
HOV
26.02 Finn Ulvund f. 1946
27.02 Enny Gregersen f. 1931
06.03 Ivar Bruseth f. 1932
10.03 Borghild Sveen f. 1929
11.03 Bjarne Erik Bratseth f. 1922
11.03 Tore Sæterli f. 1968
13.03 Else Mary Syversen f. 1912
17.03 Unni Helen Hansen f. 1944
23.03 Arne Magnar Kamsvåg f. 1913
04.04 Ottar Melkild f. 1929
12.04 Kari Mæhle f. 1940
11.04 Charles Malvin Nerland f. 1923
27.04 Asbjørn Stendal f. 1929
26.04 John Magne Semundseth f. 1954
ØKSENDAL
23.04 Lars Sjøseth f. 1946
ÅLVUNDEID
18.02 Kåre Marvin Mossing f. 1922
03.03 Knut Gjersvoll f. 1924
26.04 Marvel Røkkum f. 1953

STANGVIK

25.04 Ingeborg Nygård f. 1917
26.04 Jenny Alise Røøyen f. 1929
28.04 Ester Rodal f. 1931
28.04 John K. Aasbø f. 1918
TODALEN
07.03 Karin Marie Talgø f. 1941
ØYE
13.03 Oddmund Sæter f. 1922
11.04 Ingar K. Langli f. 1917
26.04 Mary Lilly
Ranheim Kvandal f. 1934

RANES

03.03 Marit Haukli Sæter f. 1921
30.03 Solfrid Kverkild f. 1939
08.04 Inger Marie Øien f. 1920
TINGVOLL
09.03 Karl Odd Øvervåg, f. 1920
21.03 Martin Stølan, f. 1926
25.03 Inger Johanne Reiten, f. 1928
04.04 Marta Elisabeth Kringstad, f. 1924
08.04 Knut Einar Kamsvåg, f. 1957
09.04 Marie Bårdsen, f. 1926
ØRE
05.03 Per K Hoem f. 1940
08.03 Jenny Fagerlie f. 1919
31.03 Karen Haltvik f. 1923



Her får Ole Trygve orientering av Synnøve før han startar på neste blad.

Foto ERE

Kyrkjemedlemskap

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå syner at Den norske kyrkje i fjor hadde 80,7% av det norske folk som medlemar. I Møre bispedøme er 88,8% av innbyggjarane medlemar av Den norske kyrkja, og døypte i prosent av antal fødte er 96,1%. Konfirmerte av 15-åringar, 80,0%. I år er det tilsaman 247 knfirmantar i prostiet vårt.



HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
Kirkekontoret 71 55 96 39
E-post kirkeverge:
kirkeverge@halsa.kommune.no
Bildet: Halså kirke

Konfirmanttankar

Konfirmantar har svara på fleire spørsmål, og Kyrkjebladet tar med nokre av dei gode svara.

Sp: Hvorfor konfirmerer du deg?

– Jeg vil konfirmere meg siden det er det som føles riktig. Noe annet er helt fjernt for meg. Jeg vil nok også påstå at det er mer som en tradisjon innen familien.

– Fordi jeg er døpt og mamma og pappa vil det.

– For å bli regne som en kristen.

– Fordi jeg ble født og døpt i den kristne tro, og jeg vil vise at jeg fortsatt er kristen.

– Jeg konfirmerer meg for å bekrefte dåpsløftet, treffe familien min og fordi det er en kristen tradisjon.

Sp: Hvordan har du opplevd konfirmanttida?

– Konfirmanttida har eg opplevd som ei positiv erfaring, og eg har lært masse om Gud, Jesus, Den Heilage Ande og Bibelen.

– Jeg har opplevd konfirmanttida som interessant, lærerikt og noen ganger litt kjedelig. Men veldig sosialt.

– Det har vært morsomt. Jeg har lært

mye nytt om kristendommen og har fått et nytt syn på kirken.

– Det har gått greitt. Bra at vi fikk sjansen til å være bøssebærere for noe så viktig.

– Positivt og lærerikt.

– Spennende og lærerikt

Sp: Hvordan vil du beskrive Gud?

– Et merkelig mysterium.

– Eg vil beskrive Gud som min skapende Far, og som eg kan snakke og be til.

Sp: Hva tenker du om at Jesus stod opp fra de døde og for opp til himmelen?

– Enda et mysterium.

– Hmmm. Han er jo Guds sønn, så kanskje.

– Det høres innmari usannsynlig ut, mener jeg, men jeg kan ikke uttale meg om noe jeg ikke vet.

– Jeg tror ikke det er mulig å stå opp fra de døde og være den samme sjelen og personen, derfor tror jeg ikke han dro opp til himmelen. Gjenfødelse derimot, med en ny sjel og et nytt skinn, da kan jeg tro det, men ikke oppstandelse.

Valg av nytt menighetsråd i Halså

14. september skal det også for Halså sin del velges et nytt menighetsråd.

Nå når Halså og Valsøyfjord sokn har blitt slått sammen skal det altså for første gang bare velges ett råd. Nominasjonskomiteen og valgstyret legger fram en liste med 16 gode kandidater satt opp i prioritert rekkefølge. Sammen med stortingsvalget blir det i år menighetsrådsvalg, mest sannsynlig fra tre stemmesteder, Halså rådhus, Halså barne- og ungdomsskole og Valsøyfjord barne- og ungdomsskole.

Du kan bare merke av 14. september

Om du ikke allerede har gjort det – denne høstdagen kan du stemme ved tre valg i år – stortingsvalget, menighetsrådsvalget og bispedømmerådsvalget.



Marie Botten, leder i valgstyret og i Valsøyfjord menighetsråd

SÅ GÅ DA! HERREN VIL VÆRE MED DEG. 1. Samuel 17.37



Da jeg besøkte en barneskole for noen dager siden, fant jeg et bilde på veggen som ungene hadde malt. Bildet viste kampen mellom David og Goliat. Barna malte David som liten gutt, mens Goliat var den store kjempen. Slik blir det fortalt, og jeg lærte det også slik i min barndom. I utgangspunktet virker David som den svake, mens Goliat er den store sterke. David vinner på mystisk vis

over Goliat, slik ser man hele historien.

Jeg mener det er helt annerledes. David er faktisk ikke den svake. Han var fra begynnelsen av overlegen i forhold til Goliat. Hadde han ikke visst at han var den sterkeste, hadde han ikke kjempet mot Goliat. Jeg mener det er to poeng som gjør David overlegen. Begge er veldig viktig og kan ikke skilles fra hverandre.

For det første trodde David på en levende Gud. Dette betyr en Gud som gir styrke. Lever man i frykt for Gud, frykter man ingen mennesker.

For det andre så hadde David klart å kjempe mot noe som var enda farligere enn Goliat. Han kjempet mot løver og bjørner for å forsvare sin saueflokk. Derfor bekymret han seg ikke når han skulle i kamp mot mennesker. Han var overlegen fra starten av. Goliat gjorde en tabbe og mistet livet sitt.

Hele historien viser oss at styrke kommer fra den levende Gud, og fra utfordringene man må takle i livet. Av og til må man forsvare livet sitt mot andre mennesker eller

dyr. Man trenger ikke bekymre seg selv om man kanskje taper. Det viktigste i livet, det er at Gud er med oss.

Silvio Krauss

Maleri av Rubens





SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Raness kyrkje - Stangvik kyrkje



Baby-/småbornsong

Hausten 2008 starta vi i Surnadal opp med babysong på kyrkjelydshuset på Skei. Våren 2009 har vi fortsett med babysong og starta opp småbornsong.

Kva er så baby-/småbornsong??? Ein triveleg møteplass for foreldre og barn, der dei kan gjere noko moro og meningsfullt i lag, og møte andre babyar/barn og foreldre. Vi ønskjer å legge til rette for å styrkje dei gode banda mellom ungar og foreldre gjennom song, leikar/rørsle, rim og reglar. Foreldra si stemme, når dei syng og trallar, skaper ei kjensle av å høyre saman. Vi ønskjer å gi familien ein songskatt som inneheld tradisjonelle viser, rim og reglar, nyare songar, og songar som gir eit positivt Gudsilde. Slik blir baby- og småbornsong ein del av kyrkjelyden si trus-/dåpsopplæring til dei minste.

Eit kurs inneheld 10 samlingar, samt ein avslutningsfest. Babysongen (0-1 år) på



Foto ERE

føremiddag med lunsj. Småbornsongen (1-5 år) tidleg kveld med kveldsmat. Kursavgift kr. 300,-. Søskenmoderasjon

Ansvarleg er diakon Gry Netland-Ebbesen.

Vi satsar på å starta opp att i september. Sjø våre heimesider www.surnadal.kirken.no GNE

Samanslåing av Øye og Raness sokn

Øye og Raness vert eit sokn med verknad frå 01.01.2010. Dette gjorde Møre bispedømmeråd vedtak om i møte den 23.03.09. Navnet på det nye soknet vert Øye og Raness sokn. Dei to sokna/sokneråda har i fleire perioder hatt felles aktiviteter for born og unge og soknerådsmøter saman.

Dei har den siste fireårsperioden prøva ut samarbeidet i eit forsøksprosjekt, og søkte no om at dette måtte bli ei permanent ordning.

Det har vore soknemøte i begge kyrkjene der det har vore gitt høve til å uttale seg om samanslåinga. I praksis vil ikkje dei som bor i soknet merke så mye til samanslåinga, gudstenesteforordninga for det nye soknet vert ikkje endra som følge av samanslåinga, men for dei som skal administrere arbeidet vil dette vere enklare å betene. T.d. vil ein føre berre eit rekneskap og ei kyrkjebok.

Det vil ved valet til nytt sokneråd bli vald felles nytt sokneråd.

Ingeborg Nordlund



Jubilate

Barnekoret Jubilate har vore aktive på mange tilstelningar også dette året under sin dirigent og musikalske leiar kantor Oddveig Helset Halle. Her er dei med på konsert for Fasteaksjonen – Kirkens Nødhjelp i Øye kyrkje sammen med elevar frå kulturskulen. Dei er no kome opp på eit musikalsk høgt nivå.

Ei strykegruppe frå Musikk-skulen deltok under leing av Synnøve Hammervold.

Text og bilde: ERE



Jubileumsfest

Sjømannsmisjonsforeninga i Todalen feirer i år 100-årsjubileum med fest i Todalen ungdomshus laurdag 13. juni kl.16.00.



Soknerådsleiar Oddny Elisabeth Hoem og sekretær Oddrun Heggset

Foto ERE

Sommerleir på Gråhaugen

Det skal være 5 leirer på Gråhaugen i sommer, fra 25. juni til 7. juli. Det er dagsleirer for de som går på 1.-5. årstrinn og overnatningsleirer for de som går på 3.-5. årstrinn. Fristen for påmelding er egentlig ute, men kanskje er det ledige plasser? Ring kirkekontoret på Skei 71 65 70 65. Flere opplysninger på www.surnadal.kirken.no og www.rindal.kirken.no

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
 Telefaks 71 66 47 01
 E-post kirkeverge:
 ingeborg.nordlund
 @rindal.kommune.no
 Bildet: Rindal kirke

Trosopplæring - fra forsøk til drift

Visjonen for trosopplæringsarbeidet er "En raus og tydelig kirke der barn og unge lever livet i tro, håp og kjærlighet".

Christfried Kaul, rådgiver for ungdom og undervisning ved Møre bispedømmeråd, besøkte Rindal i april og orienterte om trosopplæringsreformen.

Fra 2003 har det vært forsøk med trosopplæringsprosjekt i mange menigheter. Nå er det tid for oppsummering og evaluering og fra 2010 til 2013 skal trosopplæringen innføres i alle menigheter. Alle døpte fra 0 – 18 år skal få tilbud om opplæring og ulike aktiviteter. Skal en få til dette, trengs både ansatte og frivillige medarbeidere. Det skal lages lokale planer i alle menigheter.

- veien videre hos oss

I Rindal, Stangvik og Surnadal har vi hatt trosopplæringsprosjekt siden 2006. Vi har laget DVD, hatt kirkekvelder og som-

merleirer.

Også i år blir det sommerleirer på Gråhaugen. 15 ungdommer, de fleste fra vårt område, blir med som ledere i tillegg til ansatte og andre voksne. Ti av ungdommene var samlet til lederopplæring ei helg i april.

Bodil Kvam Aasbø er ansatt som leder for trosopplæringsarbeidet i 50 % stilling fra 1. august. Sammen med representanter fra alle soknerådene skal Bodil lage planer for den videre trosopplæringen i området vårt.

I 2009 får vi kr. 400.000 til trosopplæringsarbeidet, men det er fortsatt behov for givertjeneste og ikke minst er det behov for forbønn! Husk særlig sommerleirene fra 25. juni til 7. juli.

Synnøve Bjørndal



Unge songarar frå Frankfurt an der Oder blir å høre 23. juli.

Musikkbesøk i Stangvik

Ryktet om Stangvik-kyrkja som fin konsertarena har spreidd seg. I sommar kan vi glede oss over fine besøk både frå Tyskland, Riga, Sunnmøre og Kristiansund!

Torsdag 23. juli kjem Frankfurt Kantori – eit tverrkyrkjeleg barne- og ungdomskor med bl.a. Haydn, Mendelssohn og jazzrytmer på programmet.

Søndag 6. september dukkar den kjende Skruk-dirigenten Per Oddvar Hildre opp, men denne gong med Sunniva-koret. Dette vart starta i 2003 i samband med Sunniva-festspela på klosterøya Selja og har hausta flotte kritikkar for songen sin. Kanskje blir eit lokalt kor også med på denne konserten.

På bestilling frå Kristiansund Kirke Kunst Kultur Festival arbeider no Henning Sommerro med eit verk over den 700 år gamle Stabat Mater-teksten (som vi kjenner frå Norsk Salmebok nr. 151, "Under krossen"). Urframføringa av dette blir lagt til Stangvik kyrkje laurdag 26. september – med bl.a. ein mannsoktett frå Domkyrkja i Riga saman med komponisten!

BB

Jonsvaka 2009: Tredobbel kyrkjekveld

Sidan 1982 har Åsskard feira Jonsvaka – den gamle St.Hans-kyrkjefesten. I år blir det ein tredobbel kulturkveld 23. juni.

Først stemner den spilder nye kyrkjebåten "Hjelmkonå" inn mot kyrkjestøa, blir presentert og døypt. Kanskje stig eit symbolsk brurefølge i land og får stas-skyss vidare. Under kyrkjekaffen vil eigar Bøfjorden Sjøbruksmuseum presentere fakta og anekdoter om kyrkjeskys og reiser til sjøs i gamle dagar.

Det dramatiske Båtvik-forliset for nøyaktig 100 år sidan dannar bakgrunn for del II av programmet. Da skjer avdukinga av ein minnestein over omkomne sjøfolk frå noverande Åsskard sokn. Initiativtakar av



"Hjelmkonå" under bygging på Husa-notra i Valsøyfjord. Kyrkjebåten er vel 10 meter lang og har plass til 14 roarar. Midlane er skaffa ved gaver og dugnad.

Bøfjorden Historielag i samarbeid med soknerådet.

Den avsluttande konserten – med m.a. Åsskard Kyrkjekor - hentar sjølvsaugt noko stoff frå temaet Livsens Seglas. Organist Bernt Bøe laga eit lite kor-stykke spesielt for dette høvet. Det blir også kjende tonar å høre og delta i.

Jonsvaka 2009 er den 28. i ei samanhengande årrekke. Programmet begynner kl. 21.00 – ein time tidlegare enn vanleg.

Tekst og foto BB



Minnesteinen over omkomne sjøfolk er henta på stranda i Bøfjorden. (Initiativtakar er Bøfjorden Historielag – her representert ved frå venstre Gunnvald Bøe, Bernt Bøe, Kari Sollid Heitmann og leiar Kåre Bøklepp.)

Magne og Synnøve til nye oppgåver

Etter 12 år flytter Synnøve og Magne Bjørndal frå prestebustaden i Rindal til ny teneste i Fedje og Austerheim kommunar med tilsaman 3000 innbyggjarar, der Magne skal vera sokneprest.

«Vi føler det er godt med forandring og å koma nærare familie,» seier Magne, som har mykje godt å seia om Rindal. «Det er eit samfunn prega av orden og stabilitet. Ting er 'på stell', og det passer meg bra. Det er ein aktiv og trufast menighet som ynskjer å delta og få til ting. Ein er ikkje åleine om arbeidet. Men det kan vera ei utfordring å få folk til å kasta seg frampå, forsiktige og redde for ikkje å gjera ting godt nok.»

Synnøve har hatt 6-7 jobbar, sekretærarbeid både i Rindal og Surnadal og for proststen, redaksjonssekretær for Kyrkjebladet og klokkarjobb i Rindal, forutan lesehjelp for Magne som er blind, ein jobb ho får med seg. Men ho kan nok rekna med å få nytt arbeid dit ho kjem, med dei

kvalifikasjonane ho har, både bruk av elektroniske hjelpemiddel og i kyrkjeleg erfaring. Ho er også utdana diakon.

«Det vanskelegaste er å reisa frå dei ein har vorte glad i,» seier Synnøve. Ho har fått mange vener m.a. gjennom arbeid, kor, misjonsforening og bibelgruppe. Og som foreldre til to gutar har dei også hatt kontaktpunkt.

«Vi ser på misjon og bedehusverksemd som ein integrert del av menighetslivet,» seier Magne, som også har vore engasjert i arbeidet i KABB (Kristent Arbeid Blant Blinde), m.a. har han skriva eit jubileumsskrift for dei. Og han har vore formann i Presteforeninga for Indre Nordmøre prosti i ei tid da prestetenesta har vorte omorganisert til meir samarbeid, noko som kunne vore ytterlegare utvikla, meiner han. «Men vi har fått det til å fungera, og gått inn for kvarandre når vi trong det.»

Gudsteneste arbeidet er det han likar best. Han er glad i å



forkynna, arbeider med språket og er glad når han kjenner det lukkast. Men som mange andre, er han spent på gudstenesteforma, kva som blir resultatet av det. «Det gir godt høve til lokal utvikling og variasjon, men viktig at det ikkje blir for radikalt og sprikande. Vanskeleg dersom gudstenesta blir for forskjellig frå plass til plass.»

Han seier han får prøva å leggja opp arbeid og forkynning slik at han kan stå inne for det, utan at han må ta ansvar for alle vedtak i Kyrkjemøtet og andre instansar. «Så lenge eg opplever at eg kan få gjort noko som fremmer evangeliet innanfor kyrkjens ramme, kan eg vera med.»

Båe er samde i at kyrkja framstår som stadig meir mangfaldig og rommer etter kvart folk med så forskjellig ståstad, at det spørres kor lenge den kan og bør halda saman.

«Trua mi er knytta til personen Jesus,» seier Magne, «eg har ein stadig fascinasjon over det Jesus sa og gjorde. Men det går også an for ein prest å miste trua. Ein må skjerpa seg på at det ikkje blir rutine, men at ein får påfyll. Eg prøver lesa litt og fylgja med.»

Det er kanskje ikkje så lett når ein ikkje ser, slik mange ting for han er ei stor utfordring, spesielt alt nytt. Men situasjonen har forandra seg mykje med alle hjelpemiddel på data. I dag hadde ikkje Synnøve behovd

å læra blindeskrift, seier dei to femtiåringane, som akkurat har feira sølvbryllaup, og som i alle fall no går til nye utfordringar.

Vi ynskjer dei lukke til på den nye arbeidsstaden.

Einy R. Elgsæther



Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rindal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829

E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as
☎ 71 66 50 80

E-post: post@vullumdesign.no
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller